FTU
FYLKESTRAFIKKSIKRINGSUTVALET I HORDALAND

# Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane

# SØKNADSSKJEMA 2016

Søknaden skal sendast til:
Elektronisk adresse: hfk@hfk.no
Søknad merkast med: ”*Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane – søknad om tilskot (FTU) – ref. 2014/14645*”

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

## Namn på tiltak

Trafikksikringstiltak Grønamyrvegen 2016

## Søkjar (kommune)

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Navn: | Fjell Kommune | | | | |
| Adresse: | Postboks 184. | | | | |
| Postnr./stad: | 5342 Straume | | | | |
| Org.nr.: | 951 996 777 | | | | |
| Kontonr.: | 8580.14.08600 | Prosjektnr.: | | Ressursnr.: | |

## Administrativ kontaktperson hjå søkjar

| | | | |
|---|---|---|---|
| Navn: | Terje Dolvik | Telefon: 55097258 | |
| E-post: | Terje.dolvik@fjell.kommune.no | Mobil: | |

| Type tiltak | Kostnad | Søknadsbeløp | Ansvarsomr./vegeigar | Planavklaring | Forankring i plan | Område | Framdrift | Eigenandel |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kven er tiltaket retta inn mot?<br><br>- Mjuke trafikantar<br>- Møteulukker<br>- Utforkøyringsulukker<br>- Anna (spesifiser) | Kva er tiltaket sin totale kostnad (eks mva). | Det kan søkjast om inntil 70 pst av tiltaket sin totale kostnad. Kva er søknadsbeløpet for tiltaket (eks. mva.) | På kva ansvarsområde ligg tiltaket?<br><br>- Kommunalt<br>- Fylkeskommunalt | Dersom tiltaket krev reguleringsplan, skal denne ligge ved på søknadstidspunktet.<br><br>Krev tiltaket reguleringsplan? (ja/nei)<br><br>Ligg det føre godkjent reguleringsplan? (Ja/nei) | Er tiltaket forankra i gjeldane kommunale trafikksikringsplan? Oppgjev sidetalet.<br><br>- Ja<br>- Nei<br>- Har ikkje oppdatert plan | I kva område ligg tiltaket?<br><br>- Langs skuleveg<br>- Tettbygd strok<br>- Langs strekning utanfor tettbygd strok (70 km/t el. meir)<br>- Knutepunkt/ haldeplass | Når kan tiltaket starta opp? (dd.mm.åååå)<br><br>Når skal tiltaket vere ferdig? (dd.mm.åååå) | Eigenandelen på 30 pst skal være avklart. Er den:<br><br>- Budsjettert<br>- Vedteke<br>- Ikkje avklart |
| - Mjuke trafikantar<br>- Møteulukker | Kr 488 000,- | Kr 250 000,- | - Kommunalt | Grønamyrvegen har godkjent reguleringsplan. | Grønamyrvegen er nemnd i trafikksikringsplan på side 5 og 6 | - Langs skuleveg<br>- Tettbygd strok | Oppstart Januar 2016 byggetid 2 mnd | Ikkje avklart |

## Omtale av tiltaket

Type tiltak, teknisk spesifikasjon, namn og spesifisering av stad. Melding om planavklaring. Melding om tiltaket må grunnervervast, byggeplan, evt anbod eller kan gjennomførast med det same.

*Vedlegg: Oversiktskart (eksempelvis M=1:50.000). Situasjonskart/detaljar.*

Politiet har fått fleire hendvendingar på bakgrunn av tilhøva for dei gåande i Grønamyrsvegen, og har no teke kontakt med kommunen som er vegeigar.
Vi har den 27. november hatt ein synfaring saman med personar frå plan-og utbyggingssjefen i Fjell Kommune.
Det ble konstantert at det er stor trafikk i vegen, mykje tungtransport som truleg skal til/frå næringsområdet i Idrettsvegen. Mellom Bjorøygården og Sartor senter er det i dag fleire bilar som er parkerte, og med vareleveringen til senteret på den andre sida har dei gåande ingen trygge steder å gå. Då vi var der var det to små skulejenter som kom gåande frå Arefjordsvegen, på den allereie etablerte stien på utsida av Grønamyrsvegen. Det er truleg ein god del elevar som også nyttar denne vegen som skuleveg eller som raskaste veg til Sartor eller til bussterminalen når ein kjem frå idrettsanlegga . Det er ikkje noko veglys langs vegen, så vi er no inne i den verste perioden i høve til trafikktryggleik.

I gjeldande reguleringsplan ligg det inne fortau på begge sidar av vegen. For å kome opp i den standarden som ligg i planane, er det i kostnadskalkylen frå juli 2011 lagt til grunn at opprustinga vil koste ca. 21 millionar kronar.
Det ligg ikkje inne midlar til vesentlig oppgrading av Grønamyrsvegen i trafikksikringsplanen, og det ligg heller ikkje inne i noko utbyggingsavtale.
Tilhøva i Grønamyrsvegen vil bli betre når den nye vegen frå Arefjord til Storskaret er ferdig, men med dei tilhøva som er der no må det setjast i verk strakstiltak for å sikre dei gåande.

Midletidig utbetring vil omfatte 211 meter fortau, og 6 stk. veglys.

I forbindelse med utbygging på Sartor senter er det tidligare stilt krav om Intensivbelysning av 2 stk. overgangsfelt + merking som skal opparbeidast.

Bildar viser dagens situasjon.





Oversiktsbilde visar planlagt utbetring




Tidsramme og prosess for gjennomføring

Kan startast opp: (25.01.2016)
Pårekna avslutta: (21.03.2016)

- [X] Kan gjennomførast omgåande
- [X] Må lagast anbod
- [ ] Må lagast byggeplan
- [ ] Må ervervast grunn
- [ ] Må regulerast

*Vedlegg: Skisse til framdriftsplan*

## **Finansiering** (alle beløp i kr eks mva)

Total kostnad for tiltaket: Kr 488 000

Eigenfinansiering (min 30 pst):
Søknadsbeløp (inntil 70 pst av tiltaket sin totale kostnad):

Eigenandelen er: kr 300 000,-

- [ ] Budsjettert
- [ ] Vedtak ligg føre
- [X] Ikkje avklart - Det er gitt klarsignal for strakstiltak av rådmannen i Fjell Kommune der ein stipulerte med ein kostnadsramme på kr 488 000,-

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrev.

| | |
|---|---|
| 22/12 2015 – Fjell Kommune | Terje Dolvik |
| Dato/stad | Underskrift ansvarleg søkjar |